

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Ålesund

Avdeling: 70 10 59 50
Koordinering av time: 70 10 59 54
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Volda

Gynekologisk poliklinikk: 70 05 82 63
Gynekologisk sengepost (dagbehandling): 70 05 83 61
Inntakskontoret: 70 05 82 48

Pasientinformasjon

Laparoskopi

Laparoskopi

Informasjon til deg som skal / har vært til laparoskopi



Behandlinga

Laparoskopi (kikkholsoperasjon) er eit inngrep der ein går inn i bukholå via eit lite snitt ved navlen med eit instrument som vert kalla laparoskop. Dette er eit rør som ein ser gjennom for å undersøkje organa i bukholå og bekkenet, og som ein kan utføre ein del operasjonar gjennom. Nokre gongar må ein lage fleire innstikk for å kome til.

Inngrepet vert utført i full narkose. Snittet i huden vert sydd med tråd som løyser seg opp av seg sjølv. Ein sjeldan gong kan det oppstå skade på organ som gjer at ein må gjere eit utvida inngrep (åpen operasjon).

Du vil få med deg ein dusjbandasje som du kan skifte på såret. Etter ei veke kan denne fjernast.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som til dømes Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greit, eller om du må ha eit anna medikament i staden.

Behandlingsdagen

Under inngrepet vert det sett CO₂-gass i bukholå for å få oversikt. Dei første dagane er det difor normalt med litt luftsmertter i magen. Nokon har også skuldersmertter pga. gass som har samla seg under mellomgolvet. Litt smertter ved navlen er også normalt. Smertene vil gradvis gå over, men det kan vere behov for eit lett smertestillande middel.

Nokre opplever kvalme og kan ha behov for kvalmestillande middel. Du bør helst vere oppe litt før du et, slik at du kjenner at du ikkje er kvalm. Om du røyker, vent med det til etter at du har spist. Nokre vil kjenne seg sår i halsen etter narkosen.

Det er vanleg med litt bløding frå skjeden eit par dagar. Dei som har fått utført laparoskopi pga. barnløshet vil kunne merke blåfarge i skjeden og i urinen.

Du bør unngå karbad, samleie og tampong i minst ei veke, for å forebygge infeksjon.

Etter behandlinga

Etter inngrepet bør du ta det litt med ro i nokre dagar, og du får med deg sjukemelding frå 3-7 dagar etter behov. Skulle du ha behov for sjukemelding utover dette, må du kontakte fastlegen din.

VIKTIG: Dersom du får tiltakande, vedvarande smertter i magen eller underlivet, evt. feber, kan det være tegn på infeksjon eller skade på tarm. Kontakt då avdelinga (sjå baksida).

Oppfølging og råd etter heimreise

Alle gynekologiske laparoskopiske operasjonar vert registrerte i eit nasjonalt kvalitetsregister, som eit ledd i å sikre god kvalitet på slike operasjonar. Du må sjølv seie i frå dersom du vil reservere deg mot at din operasjon vert registrert.

Det er vanleg at vi ringer deg 2-4 veker etter operasjonen for å høyre korleis det har gått med deg. Pass på å opplyse om det telefonnummeret som du lettast kan treffast på.

Resultatet av inngrepet vil du få informasjon om før du reiser heim av den legen som opererte deg, så sant det er mogleg. Viss ikkje vil du få beskjed seinare. Det blir også sendt rapport til fastlegen din om inngrepet etter at det har kome svar på eventuelle prøver. Dette tek vanlegvis 2-4 veker.